

## STYRET SI MELDING 2016

---

### OSTERØY UTVIKLING AS

Verksemnda sitt føremål er tileigning, tilrettelegging og sal av fast eigedom, med eller utan påståande bygg i Osterøy kommune, samt å stå for drifts- og utviklingsoppgåver på vegne av Osterøy kommune.

I samband med føremålet kan selskapet kjøpe opp andre kommunale selskap eller på annan måte ta del i eller samarbeide med andre kommunale verksemder. Selskapet kan vidare føra opp bygg til ulike føremål i samråd med kommunen.

Selskapet har sitt forretningskontor i Lonevåg, Osterøy.

### Styret

Styret bestod ved utgangen av 2016 av fem medlemmer, tre kvinner og to menn. Følgjene personer utgjorde styret ved utgangen av 2016:

*Rita Aud Tveiten, styret sin leiar*

*Veronica Ahmer, styret sin nestleiar*

*Kjellaug Hartveit*

*Johannes Bysheim*

*Ragnar J. Tyssebotn*

### Styret sitt arbeid

Aktiviteten auka i 2016 samanlikna med tidlegare år. Hovudaktiviteten var vidare arbeid med utvikling av Herlandsfoss kraftstasjon og vurderingar av eksisterande eigedomsporfølje med omsyn til vidare utvikling og eventuelt sal av enkelte eigedomar.

Verksemnda fikk på slutten av 2016 ein tilsett, da det ble engasjert prosjektleiar for utviklingsprosjektet på Herlandsfossen. Hovudoppgåva til prosjektleiaren er å vidareutvikla prosjektet fram mot eit modent investeringsprosjekt. Prosjektleiar er foreløpig tilsett i eit engasjement på to år og vil og fungera som dagleg leiar i same periode.

Verksemnda kjøpte i 2016 ein ny eigedom; Sparebanken Vest sitt bygg i Lonevåg sentrum. Bygget ble ervervet ved kjøp av aksjane i eigarselskapet for eigedomen (Sparebanken Vest Eigedom Lonevåg AS). Namnet på dotterselskapet ble endra til Lonevåg Utvikling etter overtakelsen.

Verksemnda skifta i 2016 namn frå Osterøy Utbygging til Osterøy Utvikling. Fem styremøte vart halde i 2016.

---



Rådhusplassen  
N-5282 Lonevåg  
Norge

+47 56 19 21 00  
post@osteroyutvikling.no  
www.osteroyutvikling.no

Organisasjonsnr.: 970956433 MVA  
Bankgrønr.: 3626.09.01448

### Resultat, egenkapital, mv.

Resultatet for Osterøy Utvikling AS vart i 2016 eit underskot etter skatt på kr 17.889 Etter styret si oppfatning ligg det ikkje føre vesentlege usikre faktorar vedkommande årsrekneskapen. Det var ingen uvanlege eller ekstraordinære tilhøve som oppstod i løpet av rekneskapsåret. Det har heller ikkje komme til vesentlege tilhøve etter utgangen av rekneskapsåret.

Eigenkapitalandelen var 30,8% ved utgangen av året, mot 30,2% ved førre årsskifte, ein oppgang på 0,6% poeng.

Styret meiner årsrekneskapen og årsmeldinga gjev eit rett bilde av Osterøy Utvikling AS sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

Framtidsutsiktene til selskapet er positive.

### Disponering av overskot/framlegg til utbytte

Styret foreslår at underskotet vert dekkja inn ved overføring frå annan eigekapital.

### Organisasjon, arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet hadde fram til september 2016 ingen tilsette. Administrasjon av selskapet skjedde etter avtale med Osterøy kommune. Selskapet si daglege leiing vart gjort av styreleiar, med hjelp frå oppnemnd kontaktperson for selskapet (Bjarte Lohne), som er tilsett i Osterøy kommune. Frå 15. september 2016 fikk selskapet ein tilsett som fungerer både som prosjektleiar og dagleg leiar. Personen er foreløpig tilsett i eit engasjement på to år, fram til 15.9.2018. Selskapet si daglege leiing vert nå gjort av dagleg leiar, med hjelp til rekneskapsførsel og andre administrative oppgåver frå tilsette i Osterøy kommune.

Det er eit godt arbeidsmiljø i verksemda. Sjukefråværet er minimalt.




### Miljø

Osterøy Utvikling representerer ein verksemd og aktivitet som ikkje verkar inn på det ytre miljø på nokon måte som strider mot gjeldande miljøforskrifter eller lover.

### Framtidsutsikter til verksemda

Styret bekrefter at føresetnaden om framhald av drifta er til stades, og årsrekneskapen for 2016 er sett opp under denne føresetnaden.

Osterøy, 24. april 2017

Rita Aud Tveiten  
styret sin leiar

Veronica Ahmer  
styret sin nestleiar

Johannes Bysheim

Kjellaug Hartveit

Ragnar J. Tyssebotn

